

201502028-21
611
KN/ANOO



Statens vegvesen

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstuen
0301 OSLO

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalnsnr:
Mari Hage Basberg - 57655713

Vår referanse:
2011/074004-016

Dykkar referanse:

Vår dato:
01.06.2015

Uttale - høyring av konsesjonssøknad - kraftleidning Dalsbotnfjellet vindkraftverk Frøyset transformatorstasjon - Gulen kommune

Vi viser til brev datert 30. april 2015. Saka gjeld høyring av konsesjonssøknad for å bygge ein ny 132 kV kraftleidning frå Dalsbotnfjellet vindkraftverk i Gulen til Frøyset i Masfjorden.

Statens vegvesen sine interesser i alle plan- og forvaltningssaker omfattar primært etaten sitt ansvar for planlegging, bygging, drift og vedlikehald av riks- og fylkesvegnettet. Vår hovudmålsetting er å legge til rette for trygg og god trafikkavvikling, eit godt miljø og i tillegg ta omsyn til naboar og samfunnsinteresser elles.

Etter veglova § 32 og 57 skal ingen føre kablar, leidningar o.l. over, under, langs, eller nærare offentleg veg enn 3 meter frå vegkant utan løyve. De må søke om løyve til å krysse fv. 3.

Viss det ikkje blir utarbeida reguleringsplan, eller tilkomstvegane ikkje er vist i planen, må det søkast om løyve til å etablere avkøyrslar. Dette gjeld då for dei nemnte tilkomstvegane frå Rutledal på fv. 1 og frå Bjørndalen på fv. 57. Avkøyrslene må utformast i samsvar med handbøkene N 100 *Veg- og gateutforming* og V121 *Geometrisk utforming av veg- og gatekryss*.

Vi gjør elles merksam på byggegrensa. Viss det ikkje fins reguleringsplan gjeld *Rammeplanen for riks- og fylkesvegar i Region vest*. For tiltak innafor byggegrense til veg som ikkje er fastsett i reguleringsplan, må det søkast om dispensasjon frå Statens vegvesen. Byggegrensa langs fv. 57 er 50 meter, og byggegrensa langs dei andre fylkesvegane i Gulen kommune er 15 meter.

Link til søknadsskjema for avkøyrslar eller dispensasjon frå byggegrense:

<http://www.vegvesen.no/Om+Statens+vegvesen/Kontakt+oss/Skjemaer+og+blanketter/skjemaer> (Statens vegvesen - skjema).

Handbøkene ligg her: <http://www.vegvesen.no/Fag/Publikasjoner/Handboker>

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger


Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081


Kontoradresse
Skrivarvegen 3, Tinghus III
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Ved spørsmål ta kontakt med sakshandsamar.

Vegavdeling Sogn og Fjordane
Med helsing


Magna Vangsnes
seksjonsleiar


Mari Hage Basberg

Kopi: Zephyr AS, Postboks 17, 1701 Sarpsborg